

## Statnett 2026

### Uttale til innskjerping av modenhetskrav for forbrukstilknytninger $\geq 100$ MW

#### **Grunnlaget for grønn omstilling**

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon og fellesorganisasjon for friluftslivet har høvesvis Den Norske Turistforening (DNT) og Norsk Friluftsliv eit særleg ansvar for å bidra til å ta vare på friluftslivet sitt naturgrunnlag, både i eit nasjonalt og lokalt perspektiv. Intakt nærnatur, fungerande økosystem og store, samanhengande natur- og friluftslivsområde er ein føresetnad for naturopplevingar, folkehelse og berekraftig arealforvaltning i dag og for framtidige generasjonar.

Krafttetterørsel og kraftproduksjon har direkte påverknad på kor mykje og kva typar natur som vert bygd ned i Noreg i form av vasskraft, solkraft og vindkraft på land. Arealendringar er den største årsaka til tap av naturmangfald og friluftslivsområde både i Noreg og globalt. DNT og Norsk Friluftsliv har derfor lenge tatt til orde for å intensivere arbeidet med å spare, effektivisere og prioritere straumforbruket i Noreg, for å unngå unødig kraftforbruk og kraftutbygging. Samfunnet bør ikkje la estimat for eit svært høgt energiforbruk ligge til grunn for tilkopling og kraftutbygging i framtida utan ein vurdering av kva som er berekraftig på lang sikt. Vi må ikkje sløse med den fornybare energien vår, men nytte den effektivt og fordele den fornuftig slik at vi og kan ivareta intakte landskap og verdifull natur.

Om den grønne omstillinga ikkje skal gå på kostnad av natur- og friluftslivsverdiar, må vi som samfunn gjere fleire grep enn å bygge ut raskast mogleg, til alle tenkelege føremål. Ikkje alle som vil ha, kan få. Elles er ikkje den grønne omstillinga lengre grøn.

#### **Berekraftig innretning av tilknytingsplikta**

Tilknytingsplikta er i så måte eit viktig verktøy for å styre og prioritere forbrukstilknytning. Innretning og praktisering av plikta (enl § 3-4.) og kriterium for tilknytning må i større grad enn i dag bidra til å korte ned nettkøane og ekskludere prosjekt som ikkje er samfunnsmessig rasjonelle og berekraftige. Dette vil igjen bidra til å ta ned urealistisk høge prognoser for framtidig kraftbehov. DNT meiner i utgangspunktet at det må utarbeidast objektive berekraftsvilkår for tilknytning som tek omsyn til mellom anna arealbruk, viktige natur- og friluftslivsverdiar, sysselsetting og lokal forankring. I samband med innspel til Straumnettutvalet 2022 løfta DNT i tillegg fram fordelene med å prioritere tilknytning til prosjekt som har kommunal tilslutnad og planmessig forankring gjennom eigna og samsvarande føremål i vedteken arealdel (KPA), eller

detaljreguleringsplan. Dette vil bidra til at prosjekt med liten realiseringsmoglegheit ikkje tek plass i tilknytingskøen, og ein kan forhindre arealendringar og samfunnsutvikling som ikkje er demokratisk forankra, eller tilstrekkeleg konsekvensutgreidd (som i tilfellet Sirdal – sjå [NRK sak](#)).

### **Konkrete kommentarar til framlegget**

- DNT og Norsk Friluftsliv støttar derfor framlegget frå Statnett om dokumentasjon som visar samsvar med avsett arealføremål i kommuneplanens arealdel, men meiner det må presiserast at prosjekta likevel må stå for konsekvensutgreiing på tiltaksnivå der det er påkravd jamfør konsekvensutgreiingsføreskrifta. Vidare må det presiserast at der prosjekta blir søkt gjennomført i strid med overordna plan (KPA) er det ikkje tilstrekkeleg med ein positiv dispensasjonsinnstilling, men at det må utarbeidast og føreligge vedteken detaljreguleringsplan med tilhøyrande KU og ROS.
- DNT og Norsk Friluftsliv støttar og framlegg til planlagde innstrammingar av prosjektskildring, men etterspør krav om naturrekneskap og plan for avvbøtande tiltak i tråd med Miljødirektoratet sitt tiltakshierarki.

Vi har ingen kommentarar til øvrige innstrammingar.

Med helsing

Siren Skråmestø Juliussen  
Seniorrådgjevar, energi og naturforvaltning  
Den Norske Turistforening

Hans Erik Lerkelund  
Fagsjef Naturforvaltning  
Norsk Friluftsliv